

ALVER KULTURRÅD

Alver kommune
v/ Anders Olav Dale

30. okt 2020

UTTALE – Betalingssatsar bygg og anlegg, Alver kommune

Alver kulturråd ser positivt på at forlaget om betalingssatsar ikkje har særlege endringar i satsane for lag og organisasjonar og private i Alver kommune. i samband med utleige av kommunale bygningar og anlegg.

Nokre innspel til forslaget:


Når det gjeld innleiinga så er det viktig å ha med at betalingssatsar ikkje berre gjeld idrettsanlegg. Når seniorsenter, møterom og skular en nemt så må det nemnast i innleiinga at det og gjeld kulturlokalar og andre lokalar.

Alver kulturråd ønskjer ei grundig koordinering av betalingssatsar opp mot utleigereglementet. Dette er viktig for å unngå uønska praksis i Alver kommune. Ein tilbakevendande sak i dette høve gjeld lokalar på skulane som lag og organisasjonar nyttar til øvingar og anna aktivitet. Skulerom nemt i betalingssatsar gjeld ikkje anna enn for overnatting. Medan i utleigereglementet for Alver kommune er skular, barnehagar og møterom i administrative bygg nemt som eit eige punkt 1.3. Gymsalar/klasserom/foajè på skulane bør etter Alver kulturråd si meining nemnast som gratis utlån i betalingssatsar slik pkt 1.3 i utleigereglementet gjer.

Vi vil nemne på generell basis at det er avgjerande for lag og organisasjonar å kunne nytte gratis skulelokale for sine aktivitetar i nærmiljøet. Dette har vi erfart gjennom pandemien kor skulelokalar er stengt for frivillig aktivitet. I neste omgang må frivilligheten ut på leigemarkedet for å finne eigna lokalar til aktiviteten, noko som kan leggje press på kulturmidlar drift som laga søker i Alver kommune. På generelt grunnlag bør det vere eit mål at all frivillig aktivitet er gratis i kommunale bygg og anlegg.

Alver kulturråd vil foreslå at både Alver kulturråd og Alver idrettsråd kan låne kommunale bygg og anlegg vederlagsfritt. Dette vil vere eit viktig praktisk steg i implementeringa av samarbeidsavtalen desse råda har med Alver kommune.

Med venleg helsing



.....
Arild Hagenes
Styreleiar

Per Ole Ekker
sekretær